



Hordaland Fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.:
2015/10633

Vår ref.:
12/281-14

Arkivkode:
K1 - 144, K2 - N10

Dato:
06.04.2017

Innspel til regional transportplan 2018-2029

Formannskapet - 018/17:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Granvin formannskap vedtek høyringsuttalen til Regional transportplan 2018-2029 slik den er formulert i vedlagt brev til Hordaland fylkeskommune.

Med helsing

Trude Hoflandsdal Letnes
Rådmann



Postadresse:
Postboks 13
5733 Granvin
Org.nr:
844162502

Telefon:
56 52 40 00
Postgironr.
0503 5786504

Telefaks:
56 52 40 01
Bankontonr.:
6501 05 67305

E-post:
postmottak@granvin.kommune.no
Internettside:
www.granvin.kommune.no

Granvin herad Sakspapir

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	04.04.2017	018/17

Sakshandsamar: Letnes, Trude Hoflandsdal	Arkiv: K1 - 144, K2 - N10	Arkivsaknr: 12/281 - 13
--	-------------------------------------	-----------------------------------

Høyring regional transportplan 2018-2029

Dokumentliste:

Innspel til regional transportplan 2018-2029

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - Høyring av planforslag

Politisk komite for utarbeiding av høyringsfråsegn til Regional transportplan

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - info om høyring av planforslag

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - vedteke planprogram og vidare arbeid

Høyring Planprogram Regional transportplan 2018-2029

Vedlegg:

Dok.dato **Tittel**

04.04.2017 Formannskapet

Komitéen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS- 018/17 Vedtak:

Granvin formannskap vedtek høyringsuttalen til Regional transportplan 2018-2029 slik den er formulert i vedlagt brev til Hordaland fylkeskommune.

FAKTA:

Hordaland fylkeskommune skal rullera Regional transportplan 2018 – 2029. RTP har

fylgjande tema: fylkesvegnettet, kollektivtransport utanom Bergen og anna offentleg transport.

Planen blei handsama av fylkesutvalet 23.2.17, og sendt på høyring med høyringsfrist 7. april 2017. Fylkesrådmannen legg opp til å skilja dei politiske og strategiske diskusjonane frå dei konkrete prioriteringane mellom ulike investeringsprosjekt. Det blir difor lagt opp til at det skal utarbeidast eit eige Investeringsprogram knytt til RTP som skal på høyrings hausten 2017.

Formannskapet sette ned ein politisk komite som skulle utarbeide framlegg til høyringsinnspel. Komiteen har hatt eit møte og innspelet er vedlagt saka.

Det er dei overordna måla og strategane ein i denne høyringa blir invitert til å gje uttale på. Hovudpoenget i Granvin herad sitt innspelet (vedlagt) er knytt til måla om rassikring av fylkesvegnettet. Hovudsatsinga på rassikring i Noreg er lagt inn under det nasjonale rassikringsprogrammet og ein legg opp til at den regionale transportplanen skal bygge opp under og leggje til rette for prioriteringar inn i det nasjonale programmet. Dette fritek likevel ikkje fylkeskommunen for sitt ansvar for rassikring på sine vegar. Slik me les framlegg til regional transportplan er det ei endring i det regionale fokuset på rassikring. Målformuleringa på området i framlegg til plan er slik:

Fylkesvegnettet Hordaland skal ha eit trafikksikkert og framkomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet.

Strategien for å nå målet er formulert slik:

For å møte noverande og kommande klima- og miljøutfordringar, og for å gjere vegen trygg å ferdast på, må det løyvast midlar til å utbetra og sikre vegkroppen. Dette inneber ei prioritering av tiltak på drenering, reinsk og grøfter.

I regional transportplan 2013 – 2024 hadde dette tema ei anna vekt. I strategien til utbetring av fylkesvegnettet var fylgjande formulert her:

Overordna vegnett skal prioriterast med tiltak som aukar framkome og trafiktryggleik. Skredutsette strekningar skal prioriterast særskilt.

VURDERING:

Klimaendringane med auka nedbør utfordrar det vestlandske landskapet, og gjer rassikring meir og meir aktuelt. Sikre vegar mellom tettstadane og grendene er ei føresetnad for busetting i distrikta og for effektive bu- og arbeidsregionar.

Rassikring er kostbare investeringar, nærast uavhengig av om ein legg standarheving av vegen til grunn eller ikkje. Fokus på rassikring er det viktigaste innspelet frå Granvin herad til Regional transportplan. Dette feltet må ikkje nedprioriterast, men lyftast fram som eit overordna målet for den regionale satsinga på fylkesvegnettet.